

Referat frå årsmøte i Kviteseid Misjonsmenighet

Sundag 15. februar 2015

Det møtte 13 vaksne og eit par born, og vi åt pizza og hadde kaffe og kaker før møtet tok til. Gunnhild Berntsen leia møtet. Janna Nordgaard heldt andakt over Jesu åk i Matt. 11. Årsmøtet blei avslutta med bøn.

Sak 1: Årsmelding v/Aslaug Tormodsvik

Årsmeldinga blei lest og godkjent med nokre innspel frå årsmøtet. Den justerte årsmeldinga blir lagt ut på betelnett.no. Under denne saka gav også Ane S. Holm rapport frå fredagsklubben der ungdomane tek stort ansvar og har gode leiarar.

Sak 2: Rekneskapen v/Ove Solvang

Ove Solvang gikk gjennom rekneskapen som også vil bli lagt ut på betelnett.no. Det har vore eit godt år økonomisk sett med auke i inntektene. Brevet om ulike måtar å gi støtte på som gikk ut i fjor vår har hatt ein fin effekt. Takk til alle som har vore med å gi pengar.

Årsmøtet samtalte rundt kva ein evt. skal bruke overskotet til, og det nye styret fikk dette som sak til første styremøte.

Budsjettet for 2015 opererer med eit overskot på ca. 50 000 kroner.

Sak 3: Val til styret v/Ane S. Holm

Valnemnda har vore Ane S. Holm og Sigrid T. Lofstad. Etter å ha spurt mange personar hadde nemnda fått fire personar til å stille. Desse er Oddvar Hægeland (2 år), Øystein Kvamme (1 år), Sigrid T. Lofstad (2 år) og Sigrun L. Solvang (2 år). Anders Songe (2 år) er 1. vara og Ane S. Holm (2 år) er 2. vara. Ingen av desse har sagt at dei vil vere leiar. Styret vil konstituere seg på første styremøte.

Eigentleg er det ein for lite til styret, men Ove Solvang held fram som kasserar utanom styret. Han fungerer også som vaktmeister.

Ane S. Holm og Aslaug Tormodsvik sit i valnemnda medan Aslaug Tormodsvik held fram som revisor.

I fellesmøtekomitéen held Aslaug Tormodsvik fram saman med ein til som styret finn fram til.

Styret får også i oppgåve å sjå på evt. andre funksjonar når det har konstituert seg.

Sak 4: Sundagstreffas kollektprosjekt

Årsmøtet bestemte at vi held fram med å støtte Jacobs Hus. Styret får i oppgave å finne fram til tiltak som held trykket oppe med tanke på informasjon og gjere det til alles prosjekt. Det blei kommentert at kollekten til Jacobs Hus hadde ein fin auke i 2014.

Sak 5: Betel 75 år

Det er 75 år sidan menigheten blei stifta. Årsmøtet vil at det skal setjast ned ein komité som arbeider med korleis ein skal markere dette. Gunnhild Berntsen vil vere med saman med Anlaug Solvang. Styret har dette som ei sak på første styremøte.

Sak 6: Eventuelt

Anlaug Solvang orienterte litt om Passpåklubben der få har vore innom. Det blir vurdert kva dei skal gjere.

Speidaren ligg på is inntil vidare, men ein speidar for dei litt større er det truleg behov for.

Jobblister: Når det gjeld vaskelista, er det slik at to personar vaskar ein månad om gongen ved behov. Det er berre å melde seg til Ove Solvang for dei som har høve til dette. Det same gjeld for plenklypping i sommarhalvåret.

Bønemøtene: Sei i frå til Sigrid T. Lofstad i forhold til å stå på lista. Det er ei viktig samling der ein har eit særleg internt fokus.

Ref.

Oddvar Hægeland